

Stadar i Stad søndagstur og bygdevandring



Bli med på tur!

Søndag 30. juni ønsker BARMEN velkommen til bygdevandring, aktiviteter og sosialt samvær i si bygd!

Barmen inviterer til bygde-bilkøyring med guida rundt til alle bygdene og kulturminna på øyna, ein kan låne sykkel og ta ein sykkeltur rundt Fjellvatnet (ta med hjelm), prøve fiskelukka i vatnet (ta med fiskestang), det blir vandring rundt Fjellvatnet, natursti for born og vaksne på Solstien og topptur til Skjolden 545 moh.

Alle turar er guida og vi opplyser om vanskegrad og tidsbruk.

Oppmøte kl 14.00 ved Grendahuset som ligg idyllisk til oppe ved Fjellvatnet. Her blir du ønska velkomen og får info. om opplegget for dagen.

I grendahuset vert det kafé og vi serverer enkel mat, saft og kaffi. Her kan du også oppleve Barmen sitt bygdemuseum!

Ferja går frå Barmsund kl 13:30. Retur - 16:10, 17:10, 18:40 og 21:05. Tidsramme 2-4 timar. Arr. er gratis og tilrettelagt for både små og store, spreke og mindre spreke!

Alle er velkomne!

stad2020.no for turprogram Stadar i Stad



**BARMEN
30. juni**